

## Årsmelding 2014 for Fønnes Bygdelag

Det er avholdt 3 bygdemøter i 2014. På første møtet i februar var stads og arealanalysen i Fønnesvågen presentert av Austrheim kommune og konsulentselskapet SWECO, og møtet i august omhandla planforslaget for områdeplanen i nordre Fønnesvågen.

### **Bygdemøte 13 november - mulighetstudie i Fønnesvågen**

Styret engasjerte konsulentselskapet David Lock Nordic v/ Håkon Iversen til å utarbeide ein mulighetstudie for nordre Fønnesvågen. Studien tok utgangspunkt i stads og arealanalysen frå Austrheim kommune samt innspel frå bygdefolket utarbeida på bygdemøte/arbeidsmøte holdt 13 november. Innspel og justeringar er tatt inn i arbeidet og resultatet vert presentert på bygdemøtet 5 mars 2015.

Følgjande vart valt på årsmøtet 27 februar:

Styret i 2014:

Øystein Austrheim	Leiar
Tore Mylebusthaug	Kasserar/Styremedlem
Jannicke Nyheim	Styremedlem
May Britt V. Eliassen	Styremedlem
Jan Kåre Myklebust	Styremedlem
Alvin Gullaksen	Styremedlem
Arild Tresvik	Styremedlem

Revisorar: Kristin Nesbø og Vivian Lundal

Valnemnd: Marianne Gullaksen, Monika Fønnes og Morten Sognes

Det er gjennomført 6 styremøter i perioden.

Bygdelaget og Fønnesvågen trivsel og identitet har i 2014 gjennomført første året i det 3 årige LivOgLyst prosjekt som gjeld for perioden 2014-2016. Laget og arbeidet vert støtta med 100.000,- kvart år frå Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge. I tillegg støttar Austrheim kommune med kr. 40.000,- for året i same perioden

Leiar i bygdelaget var i Bekkjarvik i februar for å representera Fønnesvågen LivOgLyst på avsparkkonferansen arrangert av Fylkeskommunen og innovasjon Norge. Hensiktene med konferansen er å knyta nettverk og dela erfaringar med andre som driv med LivOgLyst prosjekt i Hordaland. Konferansen vart avslutta på Storebø med omvisning og presentasjon av LivOgLyst tiltak der.

Arbeidet i bygdelaget er organisert i 4 arbeidsgrupper:

- Fønnesdagen
- Sosiale aktivitetar
- Årvikaprojektet og turstiar
- Mulighetsstudie Fønnesvågen

Det er utnemnt ein leiar for kvar gruppe. Gruppene heldt egne arbeidsmøter og rapporterer til styret.

### **Fonnesdagen**

Den årlige Fonnesdagen vart i år arrangert 09 august. Fonnesdagen starta opp i 1997 og har gjennom desse året utvikla dette til å verta eit svært populært tiltak med mykje folk og interessant program med vekt på kystkultur og gamle tradisjonar. I tillegg er dette ein god muligheit for å visa fram lokale initiativ innan handverk og kulturliv, ekstra kjekt var det at Anne Hvidsten som lokal sangartist deltok i år.

Fonnesdagen er eit samarbeidsprosjekt mellom initiativgruppa, lokale lag/organisasjonar og avgangsklassen på Kaland Skule.

Austrheim Kommune har støtta Fonnesdagen med 20.000,- kvart år.

Det antas at ca. 500 var innom årets arrangement.

### **Sosiale aktivitetar**

St Hans vart feira på kaien til Teinevik industrier. Arrangementet starta kl 18:00 og på programmet sto salg av rømmegrout, grilling. Tørke og sterk vind tillot ikkje bålbrekking. Det var godt fram møte med ca. 150 personar. Arrangementet vart annonsert på bygdelaget si facebook side.

Noko dugnad med tilkjøring av bord og stolar samt å byggja var nødvendig. Arrangementet var vellukka og gruppa satsar på at dette vert ein tradisjon kommande år.

### **Årvikane prosjektet**

Det store løftet for bygdelaget i 2014 har vore opprusting av Årvikane.

Bygdelaget i samarbeid med Austrheim kommune og Bergen og Omland friluftsråd har brukt mykje tid og ressursar på å rydda skog, byggja veg, opparbeida plen og parkeringsplassar samt få på plass eit toalettanlegg., i tillegg er det sett ut fleire bord og grill. Badestranda er delvis rydda og ny skjelsand tilkjørt. Det gjenstår bygging av Gapahukar før arbeidet kan avsluttast. Planen er å starta på dette arbeidet ila mars/april 2015.

Gjensidigestiftelsen har støtta prosjektet med kr. 435.000.-

Bergen og omland friluftsråd, Austrheim kommune og bygdelaget skal i felleskap vedlikehalda anlegget. Vedlikehald av toalettbygget, plenslått og strandrydding er Bergen og omland friluftsråd sitt ansvar. Austrheim kommune overtar veien fram til parkeringsplass, samt at det er kommunen sitt ansvar å vedlikehalda veien til Årvikane og snuplassen. Bygdelaget vil samarbeida om vedlikehaldet og delta i arbeidet ved behov.

### **Nyttårsafta**

Nyttårsafta arrangerte Bygdelaget i samarbeid med Austrheim kommune avslutning på grunnlovsjubileumet med fakkeltog frå moloen til Årvikane. Alle innbyggjarane i kommunen var inviterte og det kom omlag 300 personer. I Årvikane vart det servert gløgg, kakao og pepperkaker. Gruppe frå Kaland skulemusikk underheldt og ordførar Per Lerøy holdt tale og markerte avslutning på jubileumet.

Det heile vart avslutta med eit imponerende fyrverkeri leia av det lokale brannvernet.

Bygdelaget må vurdere tilsvarande fakkeltog og fyrverkeri for 2015.

Fonnes den 18.februar 2015.

Styret